

Referat frå styremøte nr. 1, 2015

Dato: 06.02.2015

Tid: kl. 09.00 - 14.45

Stad: Ålesund Kunnskapsark, møterom Ørnetua

Til stades:

Frå styret:

Styreleiar Anders Riise, Hareid kommune

Nestleiar Geir Ove Vegsund, Sula kommune (gjekk kl. 12.40 på sak 6/2015)

Styremedlem Wenche Solheim, Ørsta kommune (gjekk kl. 12.40 på sak 6/2015)

Styremedlem Synnøve Vasstrand Synnes, Ørskog kommune

Varamedlem Jan Berset, Ulstein kommune

Frå administrasjonen:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Rådgivar Anne Mette Liavaag

Rådgivar Vegard Sperre Austnes

Andre:

Parlamentarisk leiar i Frp Harald Tom Nesvik (sak 5/2015)

Medlem av Justiskomiteen og saksordførar for stortingsmeldinga "Utviklingsplan for kapasitet i kriminalomsorgen" Jan Arild Ellingsen (sak 5/2015)

Fengselsleder Kjartan Helland, Ålesund fengsel (sak 5/2015)

Leder for ordensseksjonen Norleif Jønland, Sunnmøre politikammer (sak 5/2015)

Leiar for retts og påtale Unni Vikebakk, Sunnmøre politikammer (sak 5/2015)

Ordførar Terje Vadset, Skodje kommune (sak 5/2015)

Partner - rådgivning / Advisory Services Morten Thuve, BDO (sak 6/2015)

Direktør Sven-Erik Antonsen, BDO (sak 6/2015)

Rådmann i Ålesund kommune Ronny Frekhaug (observatør, kom kl. 12.15 under sak 6/2015)

Konstituert adm. direktør Dag Hårstad, Helse Møre og Romsdal HF (sak 9/2015)

Strategi- og utviklingssjef Espen Remme, Helse Møre og Romsdal HF (sak 9/2015)

Forfall:

Styremedlem Arild Iversen, Volda kommune

Styremedlem Eva Kristin Fjørtoft, Sandøy kommune

Varamedlem Bjørn Inge Ruset, Norddal kommune

Varamedlem Geir Inge Lien, Vestnes kommune

Varamedlem Marit Elisabeth Larssen, Giske kommune

Referent:

Vegard Sperre Austnes

Referatdato: 09.03.2015

Sak 1/2015: Velkomen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt

Ved styreleiar Anders Riise

Styreleiar ønska velkomen og sa at han ville sette styremøtet etter orienteringa i sak 5/2015 som kom først i møtet.

Innkallinga vart godkjent. Wenche Solheim hadde meldt inn ei eventuelt sak om Sunnmøre regionråd kan koordinere saksutgreiingar i ulike saker. Saka vert å kome tilbake til på neste styremøte då Solheim måtte forlate møtet før ein rakk å handsame saka.

Sak 2/2015: Godkjenning av referatet frå forrige styremøte (nr. 8-2014) 14. november 2014

Ved styreleiar Anders Riise

Referatet frå forrige møte vart godkjent.

Sak 3/2015: Forslag til møteplan for styret i SR i 2015. Ved dagleg leiar i Sunnmøre regionråd Jan Kåre Aurdal.

Dagleg leiar la fram følgjande forslag til møteplan for 2015: 10. april, 22. mai, 25. september og 13. november.

Det var ingen merknadar til framlegget til møteplan. Aurdal opplyste at møta kjem i etterkant av rådmannsmøta slik at rådmennene kan få kome med sitt syn før styremøta. Synnes tok opp at det er mykje forfall til styremøta. Berset foreslo at ein kan kalle inn ein til to vararepresentantar fast slik at ein unngår å ikkje verte vedtaksfør. Styreleiar peika på at møteplanen bør gjerast kjent overfor andre organisasjonar der styremedlemmane også møter.

Sak 4/2015: Framlegg til høyringsuttale til Regional delplan for attraktive byar og tettstadar.

Ved dagleg leiar i Sunnmøre regionråd Jan Kåre Aurdal.

Saka vart teke opp med tanke på at styret i regionrådet kan gjere vedtak i saka. Framlegg til høyringsuttale frå interkommunal arbeidsgruppe var sendt ut til styret før møtet.

Vedtak: Styret vedtak at i prinsipp bør høyringar leggast fram for styret i regionrådet som referatsak. Styret tek framlegget til høyringsuttale til vitande.

Sak 5/2015: Sunnmøre soningssenter, status og vidare arbeid. Ved Sunnmøre regionråd sin prosjektleiar, rådgivar Anne Mette Liavaag, med fleire.

Parlamentarisk leiar i Frp Harald Tom Nesvik og medlem av Justiskomiteen og saksordførar for stortingsmeldinga Jan Arild Ellingsen hadde bedt om å få ei orientering om arbeidet med Sunnmøre soningssenter. Representantar frå Ålesund fengsel og Sunnmøre politikammer, samt ordføraren i Skodje kommune, deltok også på saka.

Nesvik sa at han hadde utfordra regionen til å finne ei tomt. Han sa at ein må gjere kjent situasjonen for alle ledd i beslutningskjeda.

Ellingsen ba om at presentasjonen la vekt på konseptet sine sterke sider. Prosjektleiar Anne Mette Liavaag orienterte. Ho presenterte regionrådet og Sunnmøre.

Ålesund fengsel er 150 år. Medan 75 soningsplasser er gjennomsnitteleg, har Sunnmøre har kun 19 (pr. 100 000 innbyggjarar). Liavaag tok opp at ein kan samle hele straffekjeda i eitt bygg, kalla «sømlaus soning». Dette vil gje ein betre tenesteproduksjon. Nytenking i høve til samling av bygg og kompetanse kan bli ein modell for framtidige soningssenter. Liavaag sa at prosjektet er kjenneteikna av 5 F-ar: Fleksibilitet, Forankring, Fart, Finansiering og Framtidsretta.

Ellingsen viste til at Stortinget no er oppteken av kapasitet, særleg på høgrisikoplassar. Han sa at ein må selje eit produkt som matcher utfordringa. Fengselsleder i Ålesund fengsel Kjartan Helland sa at Friomsorga vil få innsette ut av fengsel. Liavaag la til at fengselet legg opp til fleksibilitet (i høve til type soningsplassar som kan gjerast om alt etter kva nivå det skal sonast på) og at det er lagt opp til ei rask gjennomføring. Soningssenteret byggjer på klostermodellen.

Liavaag sa at celleprisen vil vere 5,5 millionar kroner, noko som vert vurdert som lavt pga. enkle byggeprinsipp, prefabrikasjon og rask byggetid.

Ellingsen kommenterte at farta i prosjektet er viktig, då ein må gjere noko med underdekninga på fengselsplassar. Han la til at ein bør sjå på ei OPS-løysing. Ellingsen meinte at Sunnmøre fortener eit nytt fengselsbygg. Han meinte prosjektet låg for høgt i cellepris då ein i andre modulprosjekt ligg på ein cellepris på ca. 3,5 millionar. Ellingsen syntes konseptet var spanande, men var klar på at meldinga er målretta på kapasitet. Helland sa at det i meldinga er sagt at ein bør prøve å få til samlokalisering med friomsorg.

Ellingsen stilte spørsmålet om modellen er viktigare enn å få fengselet. Berset tok opp om fengselet er så nyskapande at det kan løftast på prioriteringslista. Ellingsen sa at ein i meldinga er tydeleg på at ein treng fleire lukka plassar.

Helland sa at fengselet i Ålesund vart bygd etter Lov om fengselsvesenet i 1857 som eit av 56 distriktsfengsel. Sidan har ulike tidsepokar gitt ulike typar fengselsbygg.

Helland sa også at soningssenter i staden for fengsel handlar om å få folk ut av fengselet og ut i samfunnet. Ein ønskjer heilskap i tenkinga i straffegjennomføringa: sikkerheitstenking frå fengsel og sosialfagleg kompetanse frå friomsorga. Det er lagt opp til 70-90 plassar i soningssenteret.

Forholda i Ålesund fengsel skildra Helland mellom anna slik: besøkande står i «gapestokk», det er innsyn fra leilegheitene omkring, det manglar fellesskapsrom og heis, det er kun eit besøksrom, psykisk sjuke vert sjuke av å vere der, plasseringa gjer at det ikkje kan utvidast og Riksantikvaren har freda bygget.

Nesvik sa at driftskostnadane pr. plass er vesentlege og interessante, og dette må på plass. Liavaag nemnte at prosjektet kan byggjast som passivhus.

Leiar for retts og påtale Unni Vikebakk ved Sunnmøre politikammer snakka om kva manglande fengselskapasitet har å seie for Sunnmøre politidistrikt. Utfordringane er: altfor få plassar, ikkje kvinneplassar, vanskar med fleire sikta i same sak og ved bevisforspillelsesfare er fengselet ueigna.

Politiet har lete vere å begjære fengsling når ein veit det er umogleg, og slept fri etter kjennelse er avsagt på grunn av manglande fengselsplass.

Vikebakk sa at politiet er offensive på fengsling, spesielt på mobil vinningskriminalitet. Sunnmøre politidistrikt har svært høg oppklaringsprosent og sørga for utvising av 81 utlendingar i 2014 (der dei fleste var kriminelle).

Slik situasjonen er i dag er det utfordringar under varetektsperioden. Leiar for ordensseksjonen ved Sunnmøre politikammer, Norleif Jønland, viste til at ei reise til Bergen i samband med fengsling kostar om lag kr. 10.000,- berre i flybillettar. Nesvik var bekymra for at polititenestemenn vert teke ut av operativ teneste på grunn av transport til og frå fengsel.

Ellingsen sa at det smartaste er å tilby ei OPS-finansiering og sette spada i jorda når Stortinget vedtek det. Aust-Agder og Oslo er først på lista, men ein må kunne køyre fleire OPS-prosjekt samtidig.

Ellingsen sa at ein primært må peike på behovet for kapasitet. Nesvik sa at ein ikkje må køyre seg fast i ein modell på grunn av at fleire soningsplassar skal finansierast innan økonomiske rammer. Ein må vere open.

Nesvik la til at hovedfokuset må vere at ein må ha eit nytt fengsel og auka kapasitet, og at tempo og kostnad vert viktig.

Ellingsen og Nesvik sa at å få med ein fleirtalsmerknad i stortingsmeldinga vil vere å sjå som ei bestilling til departementet.

Vadset kom med forslag om å rekne på kva ressursar politiet kan spare med nytt fengsel. Ellingsen sa at ein bør sjå på modellen som er tenkt brukt. Nesvik sa at det viktigaste er å kome med i meldinga og vere omtalt der.

Styret konkluderte at ein vil prøve å få til eit møte med Justiskomiteen om saka.

Vedtak: Styret støttar Kriminalomsorga sine vurderingar og Digerneset som tomteval for nytt soningssenter på Sunnmøre.

Sak 6/2015: Presentasjon av revidert utfordringsnotat om kommunereforma som representantskapet har bestilt. Innovasjonsskolen – orientering om status og finansiering. Studietur 9.-11. mars 2015. Ved prosjektleiar for kommunereforma i Sunnmøre regionråd, rådgivar Anne Mette Liavaag (samt ekstern konsulent BDO på presentasjonen av utfordringsnotatet).

Jf. referatet frå forrige representantskapsmøte skal styret ha ein workshop saman med BDO før endeleg rapport vert sendt til representantskapet. Revidert utkast til utfordringsnotat skal sendast på høyring i kommunane med høve til skiftlege innspel før utfordringsnotatet vert teke opp til godkjenning på første representantskapsmøte i 2015 (27. februar).

BDO har sett på regioninndelingar, næringsstruktur, sysselsetting, pendling, økonomisk status, demografi samt utfordringstemaer i prosessen vidare.

Regioninndelingane byggjer på inndeling i bo- og arbeidmarknadsregionar. I høve til næringsstruktur har ein sett på grupperingar pga. samhandling i næringsliv og bumønster (inn og utpendling). Små kommunar med lite utpendling og hjørnesteinsbedrifter vert sårbare. Ålesund si fordeling av andel sysselsetting etter næring er lik normalen og kan samanliknast med Bergen og Trondheim.

BDO har sett opp ein analysemodell for økonomi som seier noko om handlefridomen. Modellen inneheld driftsresultat som andel av brutto driftsinntekter, netto finans, lånegjeldsandel som andel av brutto driftsinntekter, storleiken på disposisjonsfondet og investeringsbehov som viser behovet for frie midler de næraste åra. Vedlikeholdsetterslep kjem ikkje fram, ei heller udekka pensjonsforpliktingar.

BDO tok opp kvifor ei kommune med gode økonomiske rammevikår skal slå seg saman med kommunar med dårlegare økonomi. Vidare spør dei kva økonomiske forpliktingar som kan påvirke økonomien i ei samanslått kommune.

BDO viser til at heile regionen har eit omstillingsbehov for å tiltrekke og auke sysselsettinga.

Samanslåing av kommunar vil føre til meirkostnadar både i forhold til omstillinga og integrasjonsprosessen. Fokuset i prosessen bør ikkje vere tap og vinn, men å forsterke det ein er god på i dag.

I forhold til utfordringstemaet som går på tilgang og kvalitet på tenester er det sett opp eksempel på relevante beslutningskriterier og relevante beslutningstemaer. Avtalene om samanslåing må ta med dette i avtalen.

Utfordringstema demokratiske forhold handlar om korleis den politiske styringa og kontrollen vert påverka. I samband med dette vert det gitt eksempel på nærdemokratiske modellar.

Utfordringstema identitet handlar om følelsen av å høyre saman. Kva er moglegheitene? Kan nye kommunenamn ta opp i seg identitet?

Styreleiar etterlyste ei drøfting av dei samfunnskritiske interkommunale samarbeida, til dømes barnevern, legevakt og renovasjon. Kva om ikkje alle kommunar som er med i interkommunale samarbeid slår seg saman?

Frekhaug sa at ein går i ei grøft om ein skal rekne seg fram til kven som er den beste kommunen å slå seg saman med. Mange faktorar spelar inn i eit slikt reknestykke, og bør ikkje vere hovudfokuset i diskusjonen.

Geir Ove Vegsund måtte pga. ein annan avtale forlate styremøtet under siste del handsaminga av denne saka. Han ga fullmakt til styreleiar til å røyste for seg i fall styret ønskja å treffe (samrøystes) vedtak.

Styret var samde om å sende rapporten (med vedlegg) til rådmennene i kommunane med ei veker høyringsfrist.

Liavaag orienterte om eit ferdig opplegg til studietur til København 9.-11. mars 2015.

Styret konkluderte med at invitasjon skal sendast til kommunane.

Sak 7/2015: Transportstøtte til møbelindustrien. Ved ordførar Petter Lyshol og rådmann May-Helen Molvær Grimstad i Sykkylven kommune

Denne saka gjekk ut.

Sak 8/2015: Merkantil stilling i regionrådet. Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal i Sunnmøre regionråd.

Sunnmøre regionråd legg vekt på å vere synleg og har eit høgt aktivitetsnivå knytt til prosjektarbeid. Parallelt skal det ivaretaast driftsoppgåver knytt til møteadministrasjon (innkallingar/møterefurat/oppfølging), økonomi (budsjettoppfølging og rapportering) og generelt forefallande kontorarbeid. For å styrke kapasiteten på desse områda er det ønskjeleg å engasjere ein person i ei merkantil stilling i første omgang for eitt år. Stillinga vert foreslått finansiert med eksterne prosjektmidlar.

Dagleg leiar har vore i kontakt med Brisk kompetansesenter om å inngå 3 månaders kontrakt. Spørsmålet skal drøftast førstkomande fredag.

Styreleiar viste til at sidan det ikkje medfører kostnader tek styret saka til orientering.

Sak 9/2015: Orientering om planane for framtidig funksjonsfordeling mellom sjukehusa i fylket. Ved konstituert adm. direktør Dag Hårstad og strategi- og utviklingssjef Espen Remme i Helse Møre og Romsdal HF

Anders Riise ønska velkomen. Dag Hårstad presenterte seg sjølv. Han har mellom anna vore adm. direktør i Rusbehandling Midt-Norge. Hårstad sa at det er 4 geografiske versjonar av saka om nytt sjukehus i Nordmøre og Romsdal (SNR). I Kristiansund er ein opprørt over beslutningsprosessen. I Molde vil ein kome i gang med bygginga. I Ålesund er ein bekymra for Ålesund sin nr. 2 posisjon i Helse Midt-Norge. I Volda er ein bekymra for å bli salderingspost. Dette spriket gir utfordringar.

Hårstad sa at det er ein tillitsbrist i systemet, og det er ein enorm energilekkasje. Det er betydelege resultatavvik på økonomiområdet i 2014. Hårstad viser til at energien må nyttast til å halde orden i eige hus. Strategi, kultur og godt leiarskap vert viktig.

Hårstad reiste spørsmålet korleis helseføretaket kan skaffe seg eit økonomisk handlingsrom? Han viste til at ein må gjere innsparingane nedanfrå. Pasientbehandlinga går bra, men det må skapast eigarskap til den økonomiske utfordringa. LEAN-metodikk skal nyttast.

Helse Møre og Romsdal vil ha møte med Helse Midt-Norge vedkomande argumenta om fylkesfunksjonsdeling mellom SNR og Ålesund sjukehus og investeringsmidlane. Dersom ein skal redusere investeringsbehovet i nytt SNR og Ålesund sjukehus må ein snakke mellom nivå.

Hårstad sa at han ikkje uroa for Ålesund sjukehus på grunn av befolkningsmessig tyngdepunkt og vekst. Han viste til at det nye SNR uansett vil vere eit sjukehus som vert dimensjonert for befolkninga i Nordmøre og Romsdal.

Styreleiar sa at ein må ta med i investeringsprogrammet oppgradering av Ålesund sjukehus. Han sa at plasseringa på Hjelset kan bety for Volda at ein no aksepterar ein lengre reiseavstand.

Styreleiar la til at politikarane på Sunnmøre kan arbeide opp mot Storting og regjering med tanke på å styrke finansieringa av sjukehusa. Han sa at det må stå i vedtaka at Ålesund skal vere nr.2 sjukehuset.

Hårstad viste til at SNR sjukehuset er eit spleiselag mellom alle sjukehusa i Helse Midt-Norge. Investeringsbehova i Sør- og Nord-Trøndelag er prioritert ned til fordel for Møre og Romsdal. Sjukehusa i Molde og Kristiansund skal også oppgraderast med utstyr dei næraste åra.

Det vart drøfta om helseføretaka si finansiering er tilpassa bygging av sjukehus. I dag er det bedriftsøkonomis tenking med sparing gjennom overskot som gjeld. Alternativet er ein større eigar og moglegheiter til opplåning i storleiken 1-1,5 mrd. pr. år.

Hårstad sa at funksjonsfordeling kan føre til at Volda og Kristiansund kan bli gjort om til elektive sjukehus dersom ein ikkje lukkast med spareplanen.

I samband med nytt SNR vert det sett ned ein prosjektorganisasjon, samt at Sjukehusbygg skal drive prosjektet. Hovedfunksjonsprogrammet i fase 1 (2015-2016) vert samkøyrte med Nasjonal sjukehusplan.

Remme sa at Helse Møre og Romsdal ikkje har klart å tilpasse seg økonomisk. Ein må ta ned kostnadsnivået. Når alle 4 sjukehusa skal ha akuttberedskap, går det ut over det samla tilbodet.

Signala frå Nordmøre og Romsdal er at ein ikkje vil sjå på at SNR vert redusert på grunn av unnlatenheit i spørsmålet om funksjonsfordeling mellom Ålesund og Volda. Funksjonsfordelinga mellom Ålesund og Volda vert i følgje Hårstad utsett til Nasjonal sjukehusplan er klar.

Hårstad vil legge fram ein plan for utvikling av strategi, kultur og leiarskap i organisasjonen som vil gi økonomiske resultat etter to år. Dette skal vidareutvikle organisasjonen si evne til å gi betre pasientbehandling.